

Til aktører i kornbransjen  
Sendt pr. e-post

Dykkar ref.:

Vår ref.: sfl

Oslo, 07.04.2017

## **Invitasjon til å gi tilbud om omdisponering av matkveite i sesongen 2015/2016**

Norske Felleskjøp inviterer med dette til å gi tilbud på prisnedskrivning av **matkveite klasse 3 til fôr innafor ei ramme av 10 000 tonn.**

Tiltaket vert gjennomført med heimel i retningslinjer for gjennomføringen av markedsreguleringen av korn, § 2 første ledd punkt 2. Norske Felleskjøp har utarbeidd retningslinjer for kompensasjon for prisreduksjon på matkorn anvendt til fôr, sist oppdatert 26.11.2015.

### **Nærare om denne tilbodsrunnda**

Det er pr. mars prognosert 28 000 tonn overskott av matkveite. Basert på forbruksdata og – prognoser frå matmjølmøllene vil knapt halvparten av dette vere i klasse 1 og 2 og resten i klasse 3. Norske Felleskjøp ser det som lite aktuelt å omdisponere klasse 1 og 2. Salet av såkorn indikerer at vi kan kome til å ha eit areal og tilgang av klasse 3 som utgjer 25 % av tilgangen av matkveite. NFK opnar difor for å omdisponere ein andel av det prognoserte overskottet av klasse 3.

Tilbud må vere levert hos Norske Felleskjøp innan onsdag 19. april klokka 12.00.

Norske Felleskjøp tar sikte på å fordele tilsegner same dag som fristen går ut. E-post kan sendast til [sindre.flo@fk.no](mailto:sindre.flo@fk.no). Aktørane bør be om stadfesting av at e-posten er motteken.

Det blir stilt som krav til aktør som får tilsegn om priskompensasjon at omdisponert vare blir brukt til fôr innan 15.10.2017.

### **Generelt om omdisponering**

Det er viktig at heile det kvantumet som det blir gitt tilsegn om, blir teke ut av marknaden for matkorn i inneverande sesong. Tilbud vil difor vere bindande for aktørane. Dette er viktig både for effektiv regulering og for å unngå at aktørar skal kunne blokkere for andre gjennom å sikre seg rom for omdisponering av korn utover det aktøren sjølv har tilgang til.

Omdisponert matkorn kan seljast til andre for bruk i fôr. Aktør som får tilsegn frå Norske Felleskjøp om dekning av kostnader med prisreduksjon, har ansvar for å sikre at denne varen blir brukt til fôr til landbaserte husdyr. Ansvar for bruk av omdisponert korn til fôr skal overførast til eventuelt anna

brukar gjennom brukserklæring. Norske Felleskjøp vil som i tidlegare tilbodsrunder, lage ei felles erklæring til bruk overfor sluttbrukarar. Denne blir sendt ut saman med tilsegn om kompensasjon. Vi ber om at sluttbrukar vert gjort merksam på at erklæringa skal brukast i to omgangar. Den siste delen er ei slutterklæring, som skal fyllast ut av sluttbrukar av det omdisponerte kornet og sluttbrukaren sin revisor og sendast direkte til Norske Felleskjøp når kornet er brukt opp.

Aktør med godkjent tilbod som omset omdisponert korn til andre fôrproducentar kan krevje utbetaling av kompensasjon når alt korn i samsvar med eit godkjent tilbod er brukt eller omsett til andre for bruk i fôr. Brukserklæringa vil vere grunnlaget for godkjenning av faktura frå aktør med godkjent tilbod til Norske Felleskjøp.

I tilbodsrunder er det ikkje stilt krav til kor stor kompensasjon aktørane kan be om i sitt tilbod. Norske Felleskjøp vil likevel vurdere om krav om kompensasjon gjer reguleringa dyrare enn det vi vil forvente gjennom å regulere gjennom overlaging, jmfør våre retningsliner punkt 7 f).

Norske Felleskjøp stiller krav om dokumentasjon frå aktørane som gir oss tilstrekkeleg garanti for at oppgåvene er korrekte, eventuelt med attestasjon av revisor.

Vedlagt følgjer skjema for tilbod som kan brukast ved innlevering av tilbod. Skjema skal vere fullstendig utfylt og underteikna. Retningsliner og skjema for tilbod blir også utlagt på vår heimeside [www.fk.no](http://www.fk.no).

Alle tilbod blir handtert som fortrulege til fristen for innsending er ute. Alle tilbod med namn på aktør som har levert tilbod, oversikt over kvanta og pristilbod, vil bli gjort offentleg kjent etter at godkjenningar er avklart. Eventuell annan informasjon som ligg til grunn for tilbodet vil vi handtere konfidensielt. Norske Felleskjøp viser elles til vår erklæring om handtering av informasjon vi tek imot som marknadsregulator, vedteken 13.02.04. Erklæringa ligg på nettsida vår under Markedsregulering/Markedsordningen.


Med vennleg helsing

Norske Felleskjøp



Lars Fredrik Stuve

Adm. dir.



Sindre Flø

Fagsjef marknadsregulering

Kopi av brevet er sendt til Landbruksdirektoratet.

Vedlegg: Skjema for tilbod om omdisponering  
Norske Felleskjøp sine retningsliner av 26.11.2015